

## **Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Både kommunane og fylkeskommunen har eit beredskaps- og samfunnsansvar når det oppstår uønskte hendingar m.a. på vegnettet i Vestland. Sjølv om fylkeskommunen ikkje har ei lovmessig plikt til å etablere alternative transportløysingar ved hendingar med stengt veg, vil vi likevel kunne ha eit samfunnsmessig ansvar for dette som stor regional samfunnsaktør.
2. Følgjande prinsipp skal leggast til grunn ved beredskapsplanlegging knytt til hendingar med stengt veg:
  - a. Ved kortvarige vegstengingar på inntil 3 dagar set fylkeskommunen inn alternativ transport for skuleskyss så snart det er praktisk mogleg. Fylkeskommunen vil gå i dialog med kommunen og transportør før alternative transportløysingar vert sett i verk.
    - i. Rutetilbodet skal tilpassast skulestart og skuleslutt. Arbeidsreisande og andre må tilpassa seg avgangen på skuletransporten.
    - ii. Dersom kommunane ønskjer transportordningar ut over dette, må dei ta ansvar for dette sjølv, også økonomisk.
  - b. Ved langvarig stenging i meir enn 3 dagar vil fylkeskommunen etablere alternative rute-opplegg frå dag 4. Ruteopplegg og frekvens må avklarast i tett dialog med den kommunen det gjeld. Fylkeskommunen ordnar med materiell og teknisk kostnadane.
3. Ved planlagde stengingar vil fylkeskommunen sette opp alternative transportløysingar i dei tilfella der det er nødvendig.
4. Stengt riks/europaveg er Statens vegvesen sitt ansvar. Ved stengt riks/europaveg vil det vere opp til Statens vegvesen å etablere og finansiere alternative transportløysingar.